



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
24/070	Kommunestyret	12.09.2024

Fornyng av sals- og skjenkeløyve for perioden 2024 - 2028

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

TILDELING AV SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.10.2024 - 30.09.2028:

Lihesten Vertskap AS, utsalsstad Hotel Sognefjord, får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for bar, restaurant og kafé i 1. etasje på Hotel Sognefjord, samt uteterassen mot sjøen og parkeringsplassen.
- Skjenketider:
 - Alle dagar måndag - søndag frå kl. 10.00 - 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent (øl og vin).
 - Alle dagar måndag - søndag frå kl. 13.00 - 01.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin).
- Vilkår som elles følg av alkohollova.

Sørbøvåg butikkdrift AS, utsalsstad Sørbøvåg landhandel, får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for lokala/areala til Sørbøvåg landhandel og uteterasse.
- På grunn av uteterassen si plassering i høve til utskjenkingspunktet inne, er det eit krav at gjestane på uteterassen vert servert ved bordet.
- Skjenketider:
 - Alle dagar måndag - fredag frå kl. 09.00 - 20.00, laurdag frå kl. 09.00 - 18.00.
- Vilkår som elles følg av alkohollova.

TILDELING AV SALSLØYVE FOR PERIODEN 01.10.2024 - 30.09.2028:

Det vert gjeve løyve til sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 med over 2,5 og inntil 4,7 volumprosent alkohol fram til 30.09.2028 til følgjande utsalsstader:

1. Sørbøvåg butikkdrift AS/Sørbøvåg Landhandel, 6958 Sørbøvåg.
2. Hyllestad matsenter AS/SPAR Hyllestad, 6957 Hyllestad.
3. Stjernemat AS/Bunnpris Leirvik, 6953 Leirvik i Sogn.

Salstidene følg opningstidene til butikkane og er avgrensa til alkohollova sine absolutte lovlege grenser (08.00 - 20.00 (18.00)).

AVGIFTER

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsette gebyr for sals- og skjenkeløyva i samsvar med alkohollova og tilhøyrande forskrifter.

12.09.2024 Kommunestyret

Handsaming:

Korrigerings til saksutgreiinga: Gjermund Vangsnes er avløyser ved Stjernemat AS i staden for Ann-Lise Birkeland.

KOMM24/070 Vedtak:

TILDELING AV SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.10.2024 - 30.09.2028:

Lihesten Vertskap AS, utsalsstad Hotel Sognefjord, får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for bar, restaurant og kafé i 1. etasje på Hotel Sognefjord, samt uteterassen mot sjøen og parkeringsplassen.
- Skjenketider:
 - Alle dagar måndag - søndag frå kl. 10.00 - 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent (øl og vin).
 - Alle dagar måndag - søndag frå kl. 13.00 - 01.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3 (brennevin).
- Vilkår som elles følgjer av alkohollova.

Sørbøvåg butikkdrift AS, utsalsstad Sørbøvåg landhandel, får alminneleg løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for lokala/areala til Sørbøvåg landhandel og uteterasse.
- På grunn av uteterassen si plassering i høve til utskjenkingspunktet inne, er det eit krav at gjestane på uteterassen vert servert ved bordet.
- Skjenketider:
 - Alle dagar måndag - fredag frå kl. 09.00 - 20.00, laurdag frå kl. 09.00 - 18.00.
- Vilkår som elles følgjer av alkohollova.

TILDELING AV SALSLØYVE FOR PERIODEN 01.10.2024 - 30.09.2028:

Det vert gjeve løyve til sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 med over 2,5 og inntil 4,7 volumprosent alkohol fram til 30.09.2028 til følgjande utsalsstader:

1. Sørbøvåg butikkdrift AS/Sørbøvåg Landhandel, 6958 Sørbøvåg.
2. Hyllestad matsenter AS/SPAR Hyllestad, 6957 Hyllestad.
3. Stjernemat AS/Bunnpris Leirvik, 6953 Leirvik i Sogn.

Salstidene følgjer opningstidene til butikkane og er avgrensa til alkohollova sine absolutte lovlege grenser (08.00 - 20.00 (18.00)).

AVGIFTER

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsette gebyr for sals- og skjenkeløyva i samsvar med alkohollova og tilhøyrande forskrifter.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Alkohollova med forskrifter

KVA GJELD SAKA:

Fornyng av sals- og skjenkeløyve for neste 4-årsperiode. I samsvar med alkoholova § 1-6 kan alkoholløyver gjevast for inntil 4 år i gongen, med opphøyr seinast 30. september etter at nytt kommunestyre tiltre.

SAKSUTGREIING:

Dei tre matvarebutikkane har søkt om fornya salsløyve, og det er søkt om to skjenkeløyver;

FORNYING AV SALSLØYVE FRÅ 1.10.2024 – 30.09.2028

Hyllestad matsenter AS

Org.nr.: 980 798 100

Eigar: Per-Ragnar Løvø, 100 %

Utsalsstad: SPAR Hyllestad

Opningstid: 09.00-20.00 (09.00-18.00)

Dagleg leiar: Per-Ragnar Løvø, f. 01.03.1955

Avløyssar: Cecilie Marie Løvø Amundsen, f. 16.02.1979

Både styrar og avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

Sørbovåg butikkdrift AS

Org.nr.: 918 120 513

Eigar: Sørbovåg senter AS, org.nr. 976 861 302, v/Roar Nordbø 85 % og Merete Holten Nordbø 15 %.

Utsalsstad: Sørbovåg landhandel

Opningstid: 09.00-20.00 (09.00-18.00)

Dagleg leiar: Roar Nordbø, f. 02.10.1965

Avløyssar: Bjørn Atle Systad, f. 30.06.1975

Styrar og avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

Stjernemat AS

Org.nr.: 981 579 518

Eigar: Roar Einen, 100 %

Utsalsstad: Bunnpris Leirvik

Opningstid: 09.00-20.00 (09.00-18.00)

Dagleg leiar: Roar Einen, f. 30.03.1965

Avløyssar: Ann-Lise Birkeland, f. 16.02.1973

Både styrar og avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

FORNYING AV SKJENKELØYVE FRÅ 1.10.2024 – 30.09.2028

Lihesten vertskap AS

Org.nr.: 981 579 518

Eigar: Roar Einen, 100 %

Utsalsstad: Hotel Sognefjord

Opningstid: 09.00-20.00 (09.00-18.00)

Dagleg leiar: Erna Braastad, 19.04.1968

Avløyssar: Roar Einen, f. 30.03.1965

Både styrar og avløyssar har greidd kunnskapsprøven.

Sørbovåg butikkdrift AS

Org.nr.: 918 120 513

Eigar: Sørbovåg senter AS, org.nr. 976 861 302, v/Roar Nordbø 85 % og Merete Holten Nordbø 15 %.

Utsalsstad: Sørbovåg landhandel

Opningstid: 09.00-20.00 (09.00-18.00)

Dagleg leiar: Roar Nordbø, f. 02.10.1965

Avløysar: Bjørn Atle systad, f. 30.06.1975
Styrar og avløysar har greidd kunnskapsprøven.

Det er ikkje kome inn søknad om fornying av skjenkeløyve frå Storlia hytte og motell eller Motvind Sognefjord AS, desse løyva går soleis ut per 30.09.2024.

Førespurnad om fråsegn frå sosialtenesta (NAV) og politiet er sendt i samsvar med alkoholova § 1-7. ingern av desse har merknader i saka.

VURDERING:

Alle søknadane gjeld fornying av eksisterande løyve.

Alkohol er ei legal vare som skal vere tilgjengeleg i alle kommunar, men det er opp til kommunestyret å bestemme lokale retningslinjer og rammer for tildeling av løyve. Formålet med alkoholova er i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan medføre.

Utfordringar knytt til brot på alkoholova for skjenkestader og butikkar er meir eit tettstadproblem som ein vanskeleg kan sjå eksisterer i særleg utstrekning i Hyllestad. Her er framfor alt rusproblem og misbruk knytt til konsum av alkohol størst i heimane og innafor huset sine fire veggjar.

Ein kan ikkje sjå at for stor tilgjengelegheit eller måten sals- og skjenkeløyva vert utøvd på skal avgrensast i form av kortare sals- og skjenketider eller andre former for restriksjonar. Vi har i perioden utøvd kontroll med sals- og skjenkestadane via avtalen med Securitas, som har kontrollør som med jamne mellomrom tek stikkprøvar og kontrollerer dei som har løyve, jf. alkoholova § 1-9. Vi har så langt ikkje motteke rapportar som avdekkar avvik frå regelverket, og ein har grunn til å tru at det ikkje vert solgt eller skjenka alkohol til mindreårige eller til berusa personar.

Når det gjeld skjenking av brennevin (gruppe 3) tilrår ein å halde fram med ei skjenketid til kl. 01.00.

Kommunedirektøren tilrår, ut i frå ei totalvurdering, at ein innvilgar fornying av sals- og skjenkeløyva.